

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Ting til lækjedom og vern  
mot sjukdom.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Reilstad.

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## A. Ringar.

## SVAR

1. Vanlege ringar var anten gifteringar eller og til stas, at dei skulde vera til vern mot noko har eg ikkje høyrt.
  2. I min barndom kring 1890 lyste dei i avisene ut noko dei kalla giktringar, dei skulde vera glatte og såg ut som ein vanleg giftering, metallet veit eg ikkje, det såg gult ut. Eg veit ikkje um der var fleire slag metall i den, eller um der var innskrift inni, eg er ikkje viss um eg har set nokon, det måtte då vera eigamal kona som kjøpte seg ein slik mot gikt, då ho ikkje kjende nokon verknad av han, kasta ho han på sjöen.
  3. Kjennskap til slike fekk dei anten gjennom aviser eller i samtale med folk. Dei vart anten kjøpte i Stavanger eller og av farande krømarar som selde slike, prisen veit eg ikkje visst, eg tykkjest ha høyrt noko um 2 kroner stykket.
  4. Dette veit eg ikkje noko um.
  5. Ein gong høyrdde eg ein truverdeg mann snakka um at ein kopartråd ~~den~~ kring leggen var god mot gikt. Mor hadde hug prøva og eg kjøpte litt kopartråd som ho visst brukte utan at eg høyrdde meir um ~~at~~, for han vart snart lagd burt. Elles veit eg ikkje noko å svara på dette.
  6. Dette veit eg heller ikkje noko um heimanfrå eller frå andre.
  - 7-8 fell burt.
- ~~B. ARMBÅND~~ C. Hengjesmykke.
9. At dei bar noko i snor eller kjede kring ~~halsen~~ tenkte eg alltid för var berre til stas, for det var helst unge gjentar som bruka slikt. Der kunde vera ein medaljong eller kross i den, utan at eg har høyrt det var bore mot sjukdom eller ulukka. Av andre har eg høyrt sume bar ein sylkross mot ulukker.
  10. Belter. I min ungdom lyste dei i avisene ut um noko dei kalla Reiersens belter, som skulde vera so gode mot mangt, det var både til helsedom og til å vinna att styrke som var tapt ved mindre bralliv, utan at eg kjenner til nokon som kjøpte av det. Heller ikkje veit eg korleis dei var laga. Dei vart kalla Reiersens belte.
  11. Kanhenda dei og bruka namnet elekttiske belter.
  - 12 og 13 fell burt.
  14. Öyreringar. Eg minnest ein mann som gjekk med ein smal tråd- og ring i bae öyro, för fleire som gjekk med slikt, den siste eg
  15. veit um døydde etter 1905. Den var visst av gull og dei sa det skulde vera bra för synet. Den var utan stein eller plata. Dei stakk hol gjennom öyra, etter dei hadde klemt det so hardt at kjensla var ute.
  16. Dei eg minnest bar slike i bae öyro. Sume kvinner bar og slike.
  17. Dei var til stas, um vel og sume snakka um dei styrkte synet.
  18. Ja, dei sa det same um kvinner som bar slike.

20. Ymse andre ting.

Dette er meir ukjent for meg. Det einaste eg har høyrte om var at sume skulde bera ein sylvkross i snor eller kjede, mot ulukker eller sjukdom. Rav, hestekastanje, sjönetar eller rå jordeple i luma til vern mot sjukdom og ulukka er ukjent for meg.

21. Likeso andre ting til same bruk.

22. Eg veit ikkje um noko sams namn på slike ting frå mi heimbygd.

---